

Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel Rapport etter tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystema i kontrollrom - Aktivitet 027000008 - Tilsynsrapport	Aktivitetsnummer 027000008
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Uopptatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg
Involverte	
Hovudgruppe T-2	Oppgåveleiar Arne Halvor Embergsrud
Deltakarar i revisjonslaget Linn Iren Vestly Bergh, Elisabeth Vaagen, Arne Halvor Embergsrud, Kristian Solheim Teigen og Asbjørn Ueland	Dato 20.12.2021

1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte tilsyn med Neptune Energy si oppfølging av ansvar, kompetanse og vedlikehald av alarmhandteringssystem i kontrollrommet på plattformen Gjøa i 2021.

Tilsynet blei utført ved gjennomgang av etterspurde dokument.

2 Bakgrunn

Petroleumstilsynet har dei siste åra hatt ein del tilsyn med oppfølging av alarmsystem, både på boreinnretningar, landanlegg og på produksjonsinnretningar der vi har avdekket at alarmsystema ikkje møter selskapa sine krav. Vidare har vi i andre tilsyn sett at det er høge alarmrater og mange ståande alarmer. Dette tyder på at det kan vere manglar både ved oppfølginga av systema og forståinga av kva verknader høge alarmrater og mange ståande alarmer kan ha på arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma.

I 2021 gjennomfører vi tilsyn med kontrollromma på dei fleste norske innretningar og anlegg.

3 Mål

Målet med denne oppgåva er å verifisere at operatørane følger opp alarmsystema og arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma i samsvar med regelverk og selskapa sine interne krav.

4 Resultat

4.1 Generelt

Neptune Energy har nyleg gjennomført eit alarmprosjekt som har vesentleg redusert omfanget av alarmer. Dokumenta vi har fått viser at den gjennomsnittlege alarmrata er 9,5 pr. time. Det er heller ikkje mange ståande alarmer og i det siste halvåret er snittet om lag 35.

Det er ikkje etablert måltal for alarmsystemet, men både topp ti-alarmer og manuelt skjulte alarmer blir følgt opp jamleg.

Selskapet hadde mangelfulle vurderingar av perseptuelle og kognitive begrensingar inkludert den totale arbeidsbelastninga for kontrollromsoperatørane.

5 Observasjonar

Vi har med to hovudkategoriar av observasjonar:

Avvik: Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfyljing av regelverket.

Forbetringspunkt: Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfyljing av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

5.1 Avvik

5.1.1 Mangelfull analyse av arbeidsmiljøet i kontrollrommet

Avvik

Selskapet hadde ikkje gjennomført nødvendige analyser som sikrar eit forsvarleg arbeidsmiljø og gir støtte ved val av tekniske, operasjonelle og organisatoriske løysning.

Grunngjeving

Selskapet har i begrensa grad dokumentert vurderingar av total arbeidsbelastning samt kognitive og perseptuelle begrensningar for kontrollromsoperatørane på Gjòa. WEHRA og PRI for innretningsnivå er ein grovkartlegging og erstattar ikkje faglege detaljerte kartleggingar og risikovurderingar av arbeidsmiljøet.

Krav

Styringsforskrifta §18 om analyse av arbeidsmiljøet

5.2 Forbetringspunkt

5.2.1 Innsamling, bearbeiding og bruk av data

Forbetringspunkt

Selskapet har ikkje dokumentert å ha sikra at data om alarmbelastning blei brukt til å overvake og kontrollere operasjonelle og organisatoriske forhold på kontrollrom. Neptune Energy følger ikkje opp alarmsystemet mot måltal i styrande dokumentasjon.

Grunngjeving

Selskapet kunne ikkje dokumentere at alarmbelastning var tatt med i vurderingar av arbeidsmiljøet.

Neptune Energy viser til *Alarm System Specification* som sitt kravdokument for alarmsystema der kap 2.4.12 inneheld måltal. I svaret som vi har fått i tilsynet vert det sagt at det ikkje er måltal for alarmrate, ståande alarmer og manuelt skjulte alarmer. I datagrunnlaget vi har fått ser vi at alarmrate i snitt møter måttalet og mengda av ståande alarmer er om lag det doble av måttalet.

Krav

Styringsforskrifta § 19 om innsamling, bearbeiding og bruk av data,
Aktivitetsforskrifta § 33 om tilrettelegging av arbeid

6 Deltakarar frå oss

Arne Halvor Embergstrud,	Fagområde prosessintegritet, (oppgåveleiar)
Linn Iren Vestly Berg,	Fagområde arbeidsmiljø,
Elisabeth Vaagen,	Fagområde arbeidsmiljø,
Kristian Solheim Teigen,	Fagområde prosessintegritet,
Asbjørn Ueland,	Fagområde prosessintegritet.

7 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- 14497 – Arbeid I CCR – Synergi Life.pdf
- Alarm_system_specification.pdf
- DRAFT Org. Psychosocial Risk Assessment 2021 – Prosess Operatør.xlsx
- MSD-HSEQ-EE-05-00017 – Management og organisational and psychosocial risk – NO.pdf
- MSD-HSEQ-EI-11-00008 – Barrier Influencing Factors.pdf
- ProcessAlarmsPerHour.csv
- PS_22_Human_Machine_Interface_and_Alarm_Management_C097-ENG-S-SP-0021_02.docx
- Stående alarmer 2021.xlsx
- SystemAlarmPerHour.csv